



Til Gerd Karin Isaksen

Kopi til:

Saksbehandler: Seim skule/Gerd Karin Isaksen

Vår referanse: 15/3190 - 16/4006 / FA - B33

Dato: 15.02.2016

---

### Emne: Referat frå elevrådsmøte 12/2- 16

Til stades: *Emma, Iselin, Liam, Elise, Thea, Vegard.*

### Tilbakemelding til elevrådsrepresentantane frå førre elevrådsmøte:

- Fotballmåla skal merkast i forhold til kva slags klassar som skal bruke dei forskjellige måla.
- Dei vaksne på skulen er einige om at 4.klasse sitt toalett vert jentetoalett og at 5.klasse sitt toalett vert guttetoalett. Kontaktlærarar på 4. og 5. trinn må diskutere kor tid dette skal «tre i kraft».

### Bussreglar:

Kvar elevrådsrepresentant har fått eit laminert ark med bussvettreglar. Denne må gjennomgåast i kvar klasse og hengjast opp.

Viss det er saker som kjem opp i klassane angående busskøyring *til og frå* skulen vil eg at desse skal takast med tilbake til elevrådet.

### Kom og leik:

Kom og leik oppstart vert i slutten på mars →byrjinga av april. Det er då viktig at klassane har klar ny liste over elever som ynskjer å vere leiarar. Det er viktig at dei som ynskjer å vera leiarar forstår at ei slik oppgåve inneber eit ansvar. Eg ynskjer og ei tilbakemelding på forslag til leikar og kva slags leikar som eventuelt ikkje har fungert.

### Elevundersøkjinga:

Gjennomgang av samla resultat for mellomsteget. Denne viser gode resultat for vår skule. Kvar lærar på mellomsteget må gjennomgå resultatata for sin klasse og sjå kva ein eventuelt må jobba vidare med i tida framover.

Anna:

- Det må lagast reglar for bruk og hygiene kring toaletta.

6.trinn

- Tilbakemelding på at det er mange av dei yngste som ynskjer å stå på busen, sjølv om det er ledige plassar.
- Etter at bussjåføren har sjekka om elevane har tatt setebelte på, er det mange av elevane som tar beltet av igjen. Korleis skal vi følgje opp dette vidare? Kvar lærar bør gjerne snakke med elevgruppa si om konsekvensane av å ikkje bruke setebelte.

7.trinn

- Det har begynt å mangle utstyr i skuret igjen. Kva gjer vi med dette? Er systemet vårt over utstyr godt nok?
- Elevane som har ansvar for skuret tar ikkje nok ansvar. Vi vaksne må hjelpa elevane med kven som har ansvar for skuret.
- Betre system over kor skurnøkkelen vert lagt/hengt opp?
- Er det greit at dei som har ansvar for skuret kan byte med andre elevar i klassa viss dei ynskjer dette?
- 7.trinn ynskjer sal av sjokolademjølk ein gong i månaden . Dette må takast opp i plenum.
- Elevane på 7.trinn meiner at vaktane i friminutta pratar for mykje saman.

Med vennleg helsing

Elevrådet

Susanne Håland - referent